

# BRUKARREGLEMENT FOR TOKKEHALLEN

## 1. LEIGE/LÅN AV TOKKEHALLEN

- 1.1. Søknad om leige/lån av idrettshallen skal rettast til kulturetaten v/ungdoms- og idrettsleiaren. Vaktmeistar/tilsynsvakt kan gje enkeltløyve til lån av ledige rom i hallen til møte, kurs og organisert aktivitet/trening.
- 1.2. Leige/lån av lokale i idrettshallen inkluderer garderobe med dusj, oppvarming, ljøs, reinhald og vanleg vaktmeistartilsyn. Sjå "Reglar for leige av Tokkehallen".
- 1.3. Vaktmeistar/tilsynsvakt tildeler rom/garderobar.
- 1.4. Brukar av idrettshallen er sjølv ansvarleg for verdisaker, klede m.m. i garderobe og skogang.
- 1.5. Oppbevaringsboksar kan lånast av vaktmeistar/tilsynsvakt.

## 2. OPNINGSTID

- 2.1. Opningstida er frå kl. 1700 - 2200 på kvardagar. Elles vert opningstida etter avtale.

## 3. STYRKETRENINGSROMET

- 3.1. Vaktmeistar/tilsynsvakt opnar romet på førespurnad.
- 3.2. Romet er ope for alle **over 9. klasse**. Dei som er yngre må ha fylgje med leiar/trenar.
- 3.3. Instruksjonen for kvart apparat **må** fylgjast.
- 3.4. Vektlyftarutstyret er innelåst og blir bare opna for dei som kan dokumentere opplæring i å bruke slikt utstyr.

## 4. PUBLIKUM

- 4.1. Publikum har tilgjenge til idrettshallen ved tevlingar/tilskipingar. Elles bare etter avtale med vaktmeistar/tilsynsvakt.
- 4.2. Leiar /trenar for treningsparti kan gje tilgjenge for publikum; t.d. føresette, sysken eller særskilt interesserte.

## 5. SPESIELLE FORBOD

- 5.1. Det er forbode å:
  - 5.1.1. - bruke sko med solar som set merke eller striper i golvet.
  - 5.1.2. - gå med utesko i hallen, styrketreningsromet og garderobar.
  - 5.1.3. - gå med fotballsko inne.
  - 5.1.4. - bruke krukkeklister.
  - 5.1.5. - røyke eller bruke rusmiddel.
- 5.2. Rusa personar har ikkje tilgjenge til idrettshallen.

## 6. BROTT PÅ BRUKARREGLEMENTET

- 6.1. Brot på reglementet vil, om tilsnakk ikkje nyttar, føre til utvising frå idrettshallen for kortare tid.
- 6.2. Ved alvorlege brott vil vedkomande person/treningsgruppe få skrifteleg klage med kopi til kulturutvalet. Konsekvensen kan bli utvising for resten av semesteret.